



Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
059/18	Formannskapet	19.04.2018
031/18	Kommunestyret	02.05.2018

Sakshandsamar: Monika Lysne	Arkiv:	Arkivsaksnr. 18/269 - 3
------------------------------------	---------------	--------------------------------

Reguleringsplan for RV5, Nedre Eri - Håbakken. Oppstart av planarbeid.

Kort samandrag:

Statens vegvesen har sett av midlar til forsterka midtoppmerking på fleire strekningar i fylket, og meiner at «Erisletta» er ein av dei prioriterte strekningane for dette tiltaket. Dei ynskjer difor at kommunen handterer spørsmålet om oppstart av reguleringsplanarbeid for tiltaket.

Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret stiller seg positive til at det vert starta reguleringsplan for RV5, Nedre Eri – Håbakken, for å få etablert forsterka midtoppmerking på strekninga. Planarbeidet utløyser ikkje KU-krav, men kommunestyret ynskjer at tema støy og landbruk vert spesielt vurdert og omtalt i reguleringsplanen.

Kommunestyret understrekar og viktigheita av å halda fram arbeidet med å få KVVU-vurdert/kommuneplanavklara heile vegstrekninga RV 5, Øyri – Håbakken, og at denne strekninga vert prioritert inn i NTP i neste periode.

19.04.2018 Formannskapet

Tilleggsframlegg frå Gro Starheimsæter (SP):

Endre setning ved å legge til "vilt" som tema i reguleringsplanen

Røysting:

Tilrådinga frå rådmannen med tilleggsframlegget vart samrøystes vedteken

FS-059/18 Vedtak:

Kommunestyret stiller seg positive til at det vert starta reguleringsplan for RV5, Nedre Eri – Håbakken, for å få etablert forsterka midtoppmerking på strekninga. Planarbeidet utløyser ikkje KU-krav, men kommunestyret ynskjer at tema vilt, støy og landbruk vert spesielt vurdert og omtalt i reguleringsplanen.

Kommunestyret understrekar og viktigheita av å halda fram arbeidet med å få KVU-vurdert/kommuneplanavklara heile vegstrekninga RV 5, Øyri – Håbakken, og at denne strekninga vert prioritert inn i NTP i neste periode.

02.05.2018 Kommunestyret**Røysting:**

Tilrådinga frå Formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS-031/18 Vedtak:

Kommunestyret stiller seg positive til at det vert starta reguleringsplan for RV5, Nedre Eri – Håbakken, for å få etablert forsterka midtoppmerking på strekninga. Planarbeidet utløyser ikkje KU-krav, men kommunestyret ynskjer at tema vilt, støy og landbruk vert spesielt vurdert og omtalt i reguleringsplanen.

Kommunestyret understrekar og viktigheita av å halda fram arbeidet med å få KVU-vurdert/kommuneplanavklara heile vegstrekninga RV 5, Øyri – Håbakken, og at denne strekninga vert prioritert inn i NTP i neste periode.

Vedlegg:

Referat frå oppstartsmøte

Brev frå Statens vegvesen, oppmoding om politisk handsaming

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.

Plan- og bygningslova

Saksutgreiing

Statens vegvesen sendte kommunen ein førespurnad i mars 2018 om oppstart av

reguleringsplanarbeid for RV5, Nedre Eri – Håbakken. Det vart 09. april 2018 heldt formelt oppstartsmøte om oppstart av reguleringsplanarbeid med kommunen og Statens vegvesen, der ein gjekk gjennom ulike tema kring planoppstart. Viser her til vedlagde referat frå oppstartsmøte for meir gjennomgang av tema som vart drøfta og rammer som vart sett.

Statens vegvesen har i skriv datert 09.04. 2018 sendt formell førespurnad til kommunen om oppstart av planarbeid for RV5, Nedre Eri-Håbakken, for forsterka midtoppmerking på strekninga.

Planområdet er ikkje omfatta av andre planar enn Kommuneplan for Lærdal, vedteke i 1995 og planområdet er regulert som LNF-område (Landbruk, natur og friluftsliv), der eksisterande vegtrase er teikna inn som veglinje. Planområdet omfattar eit Sefrak-registrert bygg.

Økonomiske konsekvensar

Ingen. Statens vegvesen tek arbeidet og kostnadane med planarbeidet og gjennomføring.

Vurdering

Statens vegvesen kan driva planlegging utan vedtak om oppstart av planarbeid i kommunestyret. Då det tidlegare har kome signal om å ikkje gjennomføre midlertidige tiltak på strekninga, er det likevel ynskjeleg å fremje saka for politisk avklaring før oppstart av planarbeidet.

Kommunen har i lang tid arbeida for at strekninga mellom Håbakken og Øyri skal verte utbetra og at vegtrase-alternativ skal verte vurdert. Kommunen arbeider aktivt saman med ordførarar langs RV5 om at det vert starta opp KVVU-arbeid på strekninga Skei – Håbakken. RV5 har mykje trafikk, og prognosane tilseier at ein må rekna med enno meir auke i åra som kjem. Dersom vegen over Hemsedalsfjellet vert utbetra som stamvegalternativ, og det vert bru over Fodnes-Mannheller, må ein pårekna enno meir trafikk gjennom Lærdal enn det prognosane i dag tilseier.

Kommunen har tidlegare fått tilbod om midtoppmerking langs Erisletta, men den gongen sa kommunestyret nei til eit slikt midlertidig tiltak, då det var politisk stor semje om å presse på for ein større heilheitsvurdering og oppstart av Kommunedelplan på strekninga, med vurdering av vegtrasealternativ. Ein ynskja at tunnel gjennom Erisåsen vart vurdert som eit vegalternativ. Det er stor kamp om midlar til veg, og kommunestyret ynskja ikkje eit slikt midlertidig tiltak som kunne utsetja heilheitsplanlegginga for denne strekninga i svært mange år.

Administrasjonen har i oppstartsmøte med Statens vegvesen 09. april 2018 drøfta denne problemstillinga med Statens vegvesen, og dei er klar over vår uro for at eit slikt midlertidig tiltak kan utsetja planlegging for framtidig betre veg, og vurdering av vegtrasealternativ i svært mange år. Statens vegvesen meiner denne strekninga ikkje er ein prioritert strekning enno i Nasjonal Trafikkplan (NTP), og at kommunen må kjempe aktivt for å få denne inn i neste rullering av NTP. Statens vegvesen meiner argumenta for å utbetre heile strekninga frå Øyri til Håbakken framleis er svært gode, sjølv etter gjennomføring av forsterka midtoppmerking, at me har grunnlag for å bli priotert i NTP etter kvart. Statens vegvesen meiner likevel dette er så langt fram i tid, at det ikkje vil vera forsvarleg å behalda vegen i den standard den er i dag, i påvente av prioritering i NTP. Forsterka midtoppmerking har svært stor effekt for å få ned talet av trafikkulukker, då spesielt for møteulukker. Ein breiare veg vil og bidra positivt i forhold til utforkøyringar og viltpåkøyrslar, som kanskje er den største utfordringa på strekninga i dag. ***Administrasjonen er samd i vurderinga til Statens vegvesen, og meiner at planarbeid og gjennomføring bør starta så snart som råd.*** Vegstrekninga over Erisletta er prioritert strekning for forsterka midtoppmerking saman med 3-4 andre strekningar i Sogn og Fjordane.

Rumlefelt i midtoppmerkinga medfører meir støy enn veg utan rumlefelt. Dette gjeld i størst grad på svingete vegar, når køyretøya «kuttar svingen», men kan og gjelda på strake strekningar med mange forbikøyringar. Det er svært viktig at støyberekningar vert gjennomført i planarbeidet, og at eventuelle behov for støyskjerming vert vurdert.

Vegstrekninga på Erisletta går gjennom landbruksareal og gardstun. Det er i stor grad aktiv drift på areala på begge sider av vegen, og området omfattar verdfull landbruksjord for landbruksnæringa i kommunen. Det er svært viktig at grunneigarane vert teke aktivt med i planarbeidet, at det vert gode løysingar på tilkomst til landbruksareala på begge sider av vegen, at det vert omregulert minst mogleg landbruksareal og at planen omfattar arealrekneskap i forhold til landbruksareal. Landbruksavdelinga i kommunen må vera involvert gjennom heile planprosessen.